

18.september 2024

Til Kinn kommune og Bremanger kommune v/ordfører og kommunedirektør

### **Gjeld sak om å endre namn på Villevika kai til Årebrot kai**

Ved fleire høve er det i Botnane og Årebrot grendalag teke opp at kaia i Villevika bør heitte Årebrot kai. Årebrot er eit samlenamn for bygda. Det er det namnet som er best kjent.

På årsmøte no i år vart det vedteke å ta opp dette spørsmålet og konkret foreslå at namnet vert endra frå Villevika kai til Årebrot kai.

Vidare vil Botnane og Årebrot grendalag be om at det vert sett opp skilt som viser til Årebrot kai i Myklebustkrysset. (Krysset der dei tre vegane; Frøysjøvegen, Gulevegen og Magnhildskarvegen møtest.

Der står det i dag eit skilt som viser til Botnane. Vi meiner det er viktig at det vert vist til kaia – og at det er eit eventuelt reservesamband når Magnhildskartunnelen til dømes er stengt. Vi ber om at Kinn kommune støttar oss i dette.

Beste helsing

Botnane og Årebrot grendalag

Åsmund Berthelsen  
(styreleiar)  
93237073

Kopi til Vestland fylkeskommune